



Skatteetaten

Uttale:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der statlege og fylkeskommunale tilbod stadig vert nedlagde og sentralisert. No også forslag om nedbygging av skattekontor i regionen.

Hardangerrådet er orientert vedkomande føreslegne endringar i strukturen for skattekontor.

Vi meiner at innbyggjarane i Hardanger skal ha høve til å oppsøkje Skatteetaten for å få hjelp og rettleiing. Dette tilbodet må vera tilgjengeleg nær der folk bur. Viktig næringsutvikling føregår i dag utanfor byane. Der vert det og nytta mykje utanlandsk arbeidskraft som er avhengig av personleg oppmøte på næraste skattekontor. Det same gjeld for ID-kontroll. Lange avstandar til skattekontoret er difor svært dårleg samfunns- og bedriftsøkonomi.

Framlegget om nedlegging av skattekontor harmonerer også dårleg med avtalen regjeringa har inngått med Venstre om vurdering av å flytta statlege arbeidsplassar ut av Oslo.

Dersom regjeringa meiner alvor med arbeidsplassar i distrikta må den stansa sentraliseringa.

I vår region er skattekontoret i Norheimsund føreslege oppretthalde, noko Hardangerrådet ser som svært viktig for den delen av Hardanger som dette kontoret gjev tenester til. I tillegg nyttar enkelte kommunar i Hardanger tenester frå skattekontoert på Voss. Dette kontoret er også føreslege oppretthalde, noko Hardangerrådet støttar fullt ut.

Skattekontoret i Odda er derimot føreslege nedlagt. Dette kan Hardangerrådet ikkje godta. Vi har mange utanlandske arbeidstakarar i landbruket, reiselivet og industrien som har behov for fysisk nærleik til dette kontoret. Med både internettløysingar og eit etablert kontor er det enkelt å arbeida frå distriktet. For vår del er avstandane, geografi og værtilhøve særskilt utfordrande.

Vi meiner skattekontoret i Odda må oppretthaldast.

I tillegg meiner vi at endeleg konklusjon i saka må koma etter ein offentleg demokratisk debatt som endar med vedtak i Stortinget.

Kinsarvik 17.06.2016

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.

Hardangerrådet iks signerar digitalt